

---

## Søkar

---

### Institusjonsopplysningar

Institusjonsnamn	Modalen bibliotek
Institusjonens e-postadresse	mona.grenasberg@modalen.kommune.no
Postadresse	Mo 3
Postnummer	5729
Poststad	Modalen
Leiar av institusjonen	
Førenamn	Mona
Etternamn	Grenasberg
Telefon	45 495 730
E-post	mona.grenasberg@modalen.kommune.no

Er leiar av institusjonen kontaktperson for Ja  
tiltaket?

---

## Tiltak

---

### Beskriv tiltaket

Namn på tiltaket	Hundreårsmarkering for Olav Nygard. Avduking minnevegg, boklansering i biblioteket. Flygelkonsert.
------------------	--

---

#### Mål for tiltaket

Mål er å gjere kjent og heidre Modalen sin store diktar gjennom tidene, Olav Nygard. Me skal ha ei rekke arrangement i kommunen i løpet av 2024, og biblioteket må ha ei viktig rolle her. I 2024 er det hundreårsmarkering for dikteren Olav Nygard. I biblioteket planlegg me å etablere ein minnevegg med dikt, sitat og bilete. Denne vil bli avduka Avduking minnevegg, diktlesing, tonesette dikt framført på flygel.

---

#### Beskriving av tiltaket

##### 100 års markering av Olav Nygard

11. februar 1924 døydde dikteren Olav Nygard, berre 39 år gamal. Han er, etter vår meining, ein av Noregs store diktatar, men blei i løpet av sitt korte liv alt for lite kjend. Claes Gill har uttrykt at "Om Olav Nygard hadde skrevet på et verdensprog, ville han hatt rang som en av verdenslitteraturens store lyrikere." Slik vart det likevel ikkje, då Nygard skreiv på nynorsk. Me meiner at arbeidet hans fortener å bli løfta fram og heidra ved ei markering i samanheng med at det i 2024 er 100 år sidan han døydde.

Olav Nygard blei fødd og vaks opp på Krossen i Modalen. Namnet hans er velkjend blant innbyggjarane i kommunen, men kjennskapen til både livshistorie og betydninga av diktinga hans forsvinn meir og meir. Modalen kommune ynskjer difor å lage til eit arrangement for å markere og heidre Olav Nygard sitt liv og virke. Dette skal vere eit kulturarrangement som passar for mange, både innbyggjarane i Modalen og andre, unge og eldre. Olav Nygard er kjend langt utanfor våre kommunegrensar og fylkesgrensar og me ynskjer velkomen til alle som kan finne det av interesse å delta.

Hovudarrangementet vil finne stad fredag 23. august - laurdag 24. august i sentrum av Modalen. Det er planlagt eit variert innhald med til dømes konsert med tonesette dikt av Olav Nygard, avduking av ein «Olav Nygard-vegg», diktlesing og foredrag/innlegg frå personar med god kunnskap om Olav Nygards liv og virke.

Me ynskjer å knytte til oss profesjonelle aktørar for å gjere det til eit verdig, læringsfullt og inspirerande program. Samstundes er det viktig for oss at det er eit variert program som kan tale til allmennheita, både dei som har god kunnskap til Olav Nygard og hans dikting og dei som ikkje har stor kjennskap, men eit ynskje om å vite meir.

Arbeidsgruppa som jobbar med arrangementet består av konsulent for kultur og fritid i kommunen, ordførar, biblioteksjef og ein engasjert representant frå innbyggjarane. Med dette meiner me at me klarar å skape breidde i synspunkt og kunnskap og kan få til eit inspirerande og variert arrangement. I biblioteket: Hundreårsmarkering for dikteren Olav Nygard. Avduking minnevegg, diktlesing, tonesette dikt framført på flygel. Me ha vore i kontakt med to uike pianistar som begge arbeider med å øva inn tonesette dikt av Olav Nygard. Me har flygel plassert rett utanfor biblioteket så me planlegg ein flygelkonsert i samband med avduking av forfatarveggen. Om sjølve veggen kunne vore del av midlane me kan søkje om, hadde det sjølv sagt vore flott. Biblioteket har ikkje nok midlar i eige budsjett til eit slikt løft. Me rettar oss mot publikun både i kommunen men og tilreisande frå både Bergen, Vestlandet ellers og Austlandet. Ein rekkje bidragsytarar har vore med tildelgare på

Nygardsstemna som vart arrangerte på nitttalet og tidleg 2000-tal. Men forfattaren Asbjørn Aarnes i spissen. Biblioteket vil også vere aktivt megdi å legge fram ei nyskriven bok om forfattaren. Denne vil me lansera i biblioteket. Forfattar er Ronny Spaans, kjend som kulturjournalist i avisa Dag og Tid og tilsett ved Nordisk institutt, UIO.

---

## Samarbeidspartnarar

Har du samarbeidspartnar(ar)?	Ja
Namn	Modalen kommune
Beskriv samarbeidet	arbeidsgjevar

---

## Budsjett

### Inntekter

Omsøkt beløp frå Nasjonalbiblioteket	146 000
Beskriving andre inntekter	Tilskot Modalen kommune
Beløp	20 000
Beskriving andre inntekter	
Beløp	
Samla inntekter:	166 000

### Utgifter

Beskriving andre utgifter	Utforming og trykking av program og plakatar
Beløp	4 000
Beskriving andre utgifter	Konsert med Rune Alver v biblioteket
Beløp	20 000
Beskriving andre utgifter	Olav Nygard vegg - Utarbeiding av innhald - Produksjon - Avduking av vegg med diktopplesing og føredrag
Beløp	70 000
Beskriving andre utgifter	Boklansering biblioteket ny bok om Olav Nygard v Ronny Spans og biblioteksjefen
Beløp	40 000
Beskriving andre utgifter	Andre kostnadar (bevertning honorar opplesar)
Beløp	20 000
Beskriving andre utgifter	Avisannonser Strilen, avisa Hordaland og Vaksdalposten
Beløp	12 000

Hundreårsmarkering for Olav Nygard. Avduking minnevegg, boklansering i  
biblioteket. Flygelkonsert.  
Modalen bibliotek  
Alle folkebibliotek

Søknad: Aktiv formidling  
2024  
Levert: 22.09.2023  
13:54:30  
Søknadssum: 146 000

---

Samla utgifter:	166 000
-----------------	---------

---

Inntekter - utgifter

---

0